

Årsmøte Sunnfjord kajakkubb

Årsmøte vart halde på Førde pensjonat 5.mars 2024. 18 medlemmer deltok, og vi starta med ein kort presentasjon av alle som møtte.

Sakliste årsmøte

1. Val av møteleiar, referent og to til å skrive under årsmøteprotokollen

Møteleiar: Jomar Bergheim

Referent: Judith Osland

Wenche Hafstad og Roar Foss skriv under årsmøteprotokollen.

2. Godkjenning av årsmelding 2023

Jomar gjekk gjennom årsmeldinga. Oppsummering av året frå dei ulike gruppene i klubben.

Merknad: vi har hatt 2 dugnadar - med godt frammøte og flott innsats.

Årsmeldinga godkjent.

3. Godkjenning av rekneskap 2023

Marit gjekk gjennom rekneskapen for 2023, revisjonsrapport og balanserapport.

Rekneskap godkjent.

4. Innkomne saker

Styret vil gjerne ha innspel frå årsmøte ang. ynskje om kurs/aktivitetar, behov for utstyrsinnkjøp m.m.

Det kom inn nokre forslag:

- betre lys på naustet
- kjøp av surfski/sit-on-top-kajakk
- ynskje om grunnkurs i Førde vår og haust.

Forslag kan også rettast til klubben i etterkant

Spørsmål frå Sunde skule om klubben kan ha padleaktivitetar for barn på SFO, nokre dagar til hausten.

5. Medlemskontingent

Forslag frå styre om å halde kontingenten uendra: 300 kr.

Godkjent.

6. Vedta budsjett for 2024

Marit gjekk gjennom forslag til budsjett.

Merknad: auke utgifter til naustet (vedlikehald/reparasjon/straum) frå 20 000 til 40 000.

Budsjett godkjent.

7. Val av leiar og nestleiar

Øyvind orienterte om valkommiteen sitt arbeid. Jomar tek ikkje attval som leiar.

Forslag ny leiar: Lars Petter Sneve, ny nestleiar: Asbjørn Osland. Valde einstemmig.

8. Val av styremedlemmer

Marit Nikø tek attval.

9. Varamedlemmer

Ingvald Kvåle og Irene Hjelm tek attval.

10. Rekneskapskontrollørar

Else Daling og Karen Hornnes tek attval.

11. Valnemnd for neste år

Jomar Bergheim og Heidi Nyhammer

Lars Petter takka Jomar for god innsats som leiar, og Jomar fekk ei gåve frå klubben. Så var det tid for pizza og bildeframsyning. Lars Petter viste bilder frå aktivitetar i 2023.

.....

.....